

Møtebok 7-24, Lykling sokneråd 14.08.24

Tid: kl 19.00 Stad: Lykling kyrkje

Rådsmedlem:

Laila Røksund, Silje E. Oldereide, Sissel S. Gåsland, Lillian Thorsen, Sverre Leon Larsen, Elisabeth Holme Grønnevik

Vara: Astri Sakseide, Leif Steinar Sakseide

Saksliste:

Sak 43-24 Godkjenning av referat og innkalling

Ingen merknader til referat og innkalling.

Sak 44-24 Meldingar og skriv

Leif Steinar refererte frå arbeidet til venelaget, som er godt igong med sitt arbeid. Venelaget har konstituert seg, leiar er Leif Steinar Sakseide.

Tilsetjing av ny prost er igong. Lykling sokneråd har uttale rett til tilsetjingsrådet. Frist for å melda inn er 10. september og ein lager uttale i neste møte i soknerådet.

Sak 45-24 Lesekrok og open kyrkje

Det blir open kyrkje kvar måndag frå kl 20.00. Tema og innhald varierer frå måndag til måndag, og blir annonsert på facebook.

Sak 46-24 Førebuing:

Kanaldagsgudsteneste: soknerådet er vertskap og møter i teltet kl 09.30 med vaskeutstyr. Ein vaskar av borda i teltet og set fram stolar.

Konfirmanttur med dykkarklubben 7. september – oppstart kl 14.00. Silje, Hildegunn Stautland og Hildegunn Anddal er med her.

Temakveld i september – ynskjer å få til temakveld i kyrkja i slutten av september. Tema og person er ikkje landa på noverande tidspunkt.

Kyrkjevertar utover hausten – ein manglar kyrkjevertar til 24.11, 01.12, 24.12 og 26.12. Utover dette er kyrkjevertar på plass.

Sak 47-24 Ymse

Det er tomt for aktivitetsplanar i kyrkja, hugs å trykke opp fleire. Viktig at dato for gudstenester og trusopplæring kjem på.

Neste soknerådsmøte: 10.09.24 kl. 1900 i Lykling kyrkje.